

Uttale frå elevrådet til høyring om forskrift til skulereglar ved Gimle skule.

Elevrådet er takknemlege for at dei får deltake i arbeidet med ny forskrift til skulereglar på Gimle. Vi har hatt ein gjennomgang av den nye forskrifta med vekt på reglane og korleis dei er formulert. Vi har hatt tre møter i elevrådet og møter i alle klassene (5.-10) om tema.

Det er i elevrådet drøfta fleire tema, og ein har samla seg om denne uttala:

Forskrifta inneheld ikkje alle dei reglane som elevane opplever at påverkar dei i det daglege og dermed heller ikkje alle dei reglane som ein kan få merknad av å ikkje fylgje. Det som på den eine sida kan vere ein fordel at er utanfor forskrifta kan på den andre sida vere ei ulempe. Det er mindre rom for hyppige regelendringar om dei står i forskrifta. På nokre område kan reglane opplevast utydelege, når dei ikkje er skrive, og ein opplever at det blir praktisert ulikt mellom vaksne. Det er ei ærleg sak at elevane kjenner det viktigare at reglar som er viktige for dei skal få vere ein del av forskrifta, slik at det blir noko meir omfattande å endre dei til ulempe for elevane, enn kva det kan bli at dei ikkje står der.

Det er ynskjeleg at det blir skrive inn noko om punkta under i forskrifta:

- Forskrifta bør vere meir tydeleg på oppfylging og konsekvensar knytt til hærverk. Det er viktig at det blir gjort eit arbeid for å finne ut kven som har gjort noko gale, slik at den eller dei kan gjere opp for seg. Det blir dumt når alle på eit vis får skulda for det som har skjedd og kan kjenne seg straffa for det.
- Smartklokker som ikkje kan brukast til kommunikasjon skal ikkje omfattast av reglane om mobilfri skule i det daglege. Airpods for å høyre på musikk bør og vere lov når ein sit med eige arbeid.
- Mobilfri skule skal ikkje vere gjeldande i samband med turar, t.d. klasseturar til utlandet, leirskule eller liknande. Dette er skuletid som går over heile døgnet, og dermed bør det vere annleis. Mobiltelefonen er og ein trygghet å ha for eleven om den skulle kome vekk frå dei andre. Mobiltelefonen bør og kunne brukast i timane etter avtale med lærar.
- Elevane kan bruke caps og hette i timane.
- Skulens område bør bli definert i reglane, og ein ynskjer at det opnast for at ei klasse i veka (5.-10.) kan få eit matfriminutt med mogelegheit til å bevege seg utanfor dette området, t.d. til sentrum, og at det i samband med denne eine dagen med 5 veker mellomrom kan vere rom for godteri og brus.
- At snoballkasting er lov mot merka blink, og i organisert aktivitet.
- At det blir trekt ei klar linje mellom godteri og anna søtt i nista. Foreldra bør få bestemme om dei skal sende med ungane sine eit kakestykke på skulen utan at ungane skal vere redde for at det blir vurdert å vere godteri.
- Det er eit ynskje at ein behandlar leksehjelp i ungdomsskulen på eit anna vis når det kjem til t.d. brus eller anna godt, all den tid vi er på leksehjelp og arbeider med lekser på fritida. Det same gjeld skuleturar.
- Inne- uteordning for elevane bør inn i forskrift med meir detaljar. Forslag om at det blir skrive at ungdomssteget sjølv vel om dei vil vere inne eller ute i friminutt, slik

som vi har det i dag, men og at det blir skrive inn at alle elevane skal få sleppe inn tidlegare på morgonen og vere inne i friminutta dei dagane det er 15 kuldegrader eller kaldare.

- Det bør vere ein del av forskrifta at innleveringsfristar i større grad kan justerast i dialog med kvar einskild elev, slik at ikkje berre finst eit svar på når eit arbeid er levert i rett tid.
- Ungdomsskuleelevane opplever at dei har lite mogelegheit til fleksibilitet i skulekvardagen. Dette med tanke på mogelegheit for å t.d. kunne slutte tidlegare ein dag, dersom det er etter avtale med lærarane. Sidan alt fråver blir ført på vitnemålet ville det vere ein bra ting om ein kunne gjere avtaler direkte med lærar. Det skulle t.d. vore meir rom for å kunne fullføre einskilte arbeidsoppgåver heime enn kva det er i dag.
- Forslag om at det blir ein del av forskrifta at lærarane kvar månad/halvår/år skal arbeide med skulereglane med det for auge at dei skal vere mest mogeleg like på når dei gir merknader. Slik det er i dag er det nokon lærar som gir merknad alt for tidleg, nokon er greie nok, og nokon gir altfor seint. Dette blir uforutsigbart for elevane og aukar fort konfliktnivået.

For elevrådet:

Eira Liltved

Eira Marie Sørensen Liltved

(Elevrådsleiar og 1. repr SU/SMU)

Talleiv Veum

Talleiv Veum

(Sekretær)

Kevin Hansen

Kevin Hansen

(3.repr SU/SMU)

Marie Midtgarden

Marie Midtgarden

Thea Jopperud

Thea Jopperud

Magnus Askersrud Sauer

Magnus Askersrud Sauer

Knut Harald Heggli

Knut Harald Heggli

(Elevrådskontakt Gimle skule)

Bjug Eivind Lauvrak

Bjug Eivind Lauvrak

(Nestleiar elevråd)

Sandra Breivik

Sandra Breivik

(2.repr SU/SMU)

Noah Bratsberg - Aamlid

Noah Bratsberg - Aamlid

Melissa Pinheiro

Melissa Pinheiro Haadem

Vilde Marie Hagqvist Nystad

Vilde Marie Hagqvist Nystad

Helene Nordby Solberg

Helene Nordby Solberg

